

---

Saknr: 2019/28-11  
Saksbehandlar: Nils Vetlesand

---

## Saksgang

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Hovudutval for opplæring og kompetanse		13.02.2020
Fylkesutvalet		14.02.2020

## Fondsavsetjing/resultatoverføring

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet godkjenner at ordning med fondsavsetjing/resultatoverføring for vidaregåande skular og tannhelsedistrikt vert lagt til grunn ved avslutting av rekneskapen for Vestland fylkeskommune.

Fylkesutvalet godkjenner slike føresetnader/grenser for ordninga:

- sektoren må samla ha positivt budsjettavvik.
- kvar vidaregåande skule/kvart tannhelsedistrikt kan ha samla fond på inntil 5% av nettobudsjettet (eiga grense for små skular).
- negative budsjettavvik må dekkast inn i budsjettet for skulen/tannhelsedistriktet to år etter av avviket oppstod.
- positive budsjettavvik utover grensene ovanfor vert ikkje sette av.

## Samandrag

Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommunar har hatt ordning med fondsavsetjing/resultatoverføring for skular og tannhelsedistrikt. Fylkesrådmannen foreslår i saka å halde fram med ordninga i Vestland fylkeskommune ved avslutting av rekneskapen for 2020.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
fylkesdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommunar har hatt ordning med fondsavsetjing/resultatoverføring for skular og tannhelsedistrikt. Fylkesrådmannen foreslår i saka å halde fram med ordninga i Vestland fylkeskommune ved avslutting av rekneskapen for 2020.

Vurderingar og verknader

**Økonomi:** Ordning med fondsavsetjing medverkar til betre økonomistyring gjennom året.

**Klima:** Ikkje relevant

**Folkehelse:** Ikkje relevant

**Regional planstrategi:** Ikkje relevant

Fondsavsetjing/resultatoverføring

Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommunar hadde begge ordningar med at vidaregåande skular og tannhelsedistrikt ved rekneskapsavsluttinga kunne setje av overskot/måtte dekke inn underskot. I Sogn og Fjordane fylkeskommune var det i tillegg ei tilsvarande ordning for fylkesvegvedlikehaldet.

Fylkesrådmannen har vurdert kva ordningar som bør gjelde for Vestland fylkeskommune på bakgrunn av gjennomgang av praksis ein har hatt fram til i dag i dei to fylkeskommunane.

Ut frå dette vil ein foreslå å halde fram med resultatoverføringsordning i Vestland fylkeskommune for vidaregåande skular og tannhelsedistrikt. Hovudgrunnen for forslaget er at ei slik ordning kan medverke til betre styring av budsjettmidlane gjennom året og unngå «hastekjøp» for å nytte tilgjengelege midlar før året er omme.

Fylkesrådmannen foreslår slike føresetnader/grenser for ordninga:

- sektoren må samla ha positivt budsjettavvik.
- kvar vidaregåande skule/kvart tannhelsedistrikt kan ha samla fond på inntil 5% av nettobudsjettet (eiga grense for små skular).
- negative budsjettavvik må dekkast inn i budsjettet for skulen/tannhelsedistriktet to år etter av avviket oppstod.
- positive budsjettavvik utover grensene ovanfor vert ikkje sette av.

Fylkesvegsektoren

Med verknad frå 2020 har fylkeskommunane overteke eit større ansvar for fylkesvegane.

Fylkesrådmannen ser det som naturleg at ein skaffar seg noko erfaring med driftsbudsjettet for fylkesvegane og nivået på dette før ein vurderer resultatoverføringsordning for denne sektoren.

På bakgrunn av dette vil fylkesrådmannen ikkje foreslå slik ordning no, men vurdere det på nytt etter at rekneskapen for 2020 er gjort opp, eventuelt med sikte på innføring for etterfølgjande år.

Konklusjon

Fylkesrådmannen foreslår at ordning med fondsavsetjing/resultatoverføring for skular og tannhelsedistrikt vert lagt til grunn ved avslutting av rekneskapen for Vestland fylkeskommune for 2020.